

AVGJERD nr. H6

2017/EØS/4/45

av 16. desember 2010

**om bruk av visse prinsipp for samanlegging av tid i medhald av artikkel 6 i forordning (EF)
nr. 883/2004 om koordinering av trygdeordningar**

2011/C 45/04(*)

DEN ADMINISTRATIVE KOMMISSJONEN FOR
KOORDINERING AV TRYGDEORDNINGAR HAR —

medlemsstat, vert godteken av mottakarstaten utan at det
vert stilt spørsmål ved kvaliteten på denne tida.

med tilvising til artikkel 72 bokstav a) i europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 883/2004 av 29. april 2004 om koordinering av trygdeordningar⁽¹⁾, der det er fastsett at Den administrative kommisjonen har ansvaret for å handsame alle administrative spørsmål eller tolkingsspørsmål som følgjer av føresegnene i forordning (EF) nr. 883/2004 og europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 987/2009 av 16. september 2009 om fastsettelse av nærmeleg regler for gjennomføring av forordning (EF) nr. 883/2004 om koordinering av trygdeordningar⁽²⁾,

i samsvar med dei vilkåra som er fastsette i artikkel 71 nr. 2 andre leddet i forordning (EF) nr. 883/2004, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I artikkel 1 bokstav t) i forordning (EF) nr. 883/2004 er det fastsett ein definisjon av omgrepet «trygdetid». Etter ordlyden i artikkel 1 bokstav t) i den nemnde forordninga er all tid som vert handsama som trygdetid, jamstelt med slik tid, og er ikkje utan vidare jamstelt med tid med avgiftsinnbetaling.
- 2) I artikkel 6 i forordning (EF) nr. 883/2004 er det fastsett eit prinsipp for samanlegging av tid. Dette prinsippet bør nyttast på ein einsarta måte som omfattar samanlegging av tid som etter nasjonal lovgjeving berre gjev rett til yting eller rett til ei høgare yting.
- 3) I synsmåte 10 i forordning (EF) nr. 883/2004 heiter det at prinsippet om jamstelling av visse tilhøve eller hendingar ikkje bør verke inn på prinsippet om samanlegging av tid.
- 4) Når prinsippet om samanlegging av tid, slik det er fastsett i artikkel 6 i forordning (EF) nr. 883/2004, vert nytta, må det sikrast at den trygdetida som vert meld av ein

- 5) Samstundes er det naudsynt å sannkjenne prinsippet om at medlemsstatane framleis har retten til å fastsetje dei nasjonale vilkåra sine for å gje trygdeytningar – så lenge desse vilkåra vert nytta utan skilnadshandsaming – og å stadfeste at prinsippet om samanlegging ikkje påverkar dette prinsippet. Som eit første steg må ein mottakarmedlemsstat godta alle dei melde periodane for å overvinne moglege hindringar i samband med etablering av ein rett, og må deretter, som steg nummer to, fastsetje om dei særlege nasjonale vilkåra er oppfylte.

- 6) Definisjonen av «trygdetid» er ikkje vorten endra i artikkel 1 bokstav t) i forordning (EF) nr. 883/2004 jamført med artikkel 1 bokstav r) i forordning (EØF) nr. 1408/71.

- 7) Ettersom denne avgjerda har som føremål å garantere rettstryggleiken, bør ho nyttast berre på saker som vert avgjorde etter at denne avgjerda tek til å gjelde —

TEKE DENNE AVGJERDA:

1. All trygdetid – anten det gjeld tid med avgiftsinnbetaling eller tid som vert rekna som jamstelte med trygdetid etter nasjonal lovgjeving – høyrer inn under omgrepet «trygdetid» for føremåla med bruken av forordning (EF) nr. 883/2004 og (EF) nr. 987/2009.

2. All tid som er tilbakelagd i medhald av lovgjevinga i ein annan medlemsstat, skal berre reknast med ved bruk av prinsippet om samanlegging av tid slik det er fastsett i artikkel 6 i forordning (EF) nr. 883/2004 og artikkel 12 i forordning (EF) nr. 987/2009. Prinsippet om samanlegging krev at tid som vert meld av andre medlemsstatar, skal leggjast saman utan at det vert stilt spørsmål ved kvaliteten på denne tida.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT C 45 av 12.2.2011, s. 5, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 92/2012 av 30. april 2012 om endring av EØS-avtalens vedlegg VI (Trygd), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 50 av 13.9.2012, s. 35.

(¹) TEU L 166 av 30.4.2004, s. 1.

(²) TEU L 284 av 30.10.2009, s. 1.

3. Når medlemsstatane har nytta prinsippet om samanlegging av tid i medhald av nr. 2, kan dei likevel halde ved lag retten sin til å fastsetje andre vilkår for å gje trygdeytningar, samstundes som det vert teke omsyn til artikkel 5 i forordning (EF) nr. 883/2004, så lenge desse vilkåra vert nytta utan skilnadshandsaming; dette prinsippet vert ikkje påverka av artikkel 6 i forordning (EF) nr. 883/2004.

4. Denne avgjerda skal berre nyttast på saker som vert avgjorde etter at ho tek til å gjelde.

5. Dei vedlagde døma på praktisk bruk av nr. 1, 2 og 3 i denne avgjerda er ein del av avgjerda.

6. Denne avgjerda skal kunngjerast i *Tidend for Den europeiske unionen*. Ho skal nyttast frå den første dagen i andre månaden etter at ho er kunngjord i *Tidend for Den europeiske unionen*.

President for Den administrative kommisjonen

Keyina MPEYE

VEDLEGG

DØME PÅ PRAKTISK BRUK AV NR. 1, 2 OG 3 I DENNE AVGJERDA**Døme på bruk av nr. 1 og 2 i avgjerda:**

I medhald av lovgjevinga i medlemsstat A har ein medlem i trygdeordninga ti år med avgiftsinnbetaling og to år som er jamstelt med denne perioden, og som etter lovgjevinga i medlemsstaten berre tel med av omsyn til utrekninga.

I samsvar med nr. 1 i avgjerda er det difor ein periode på tolv år som skal meldast til medlemsstat B.

I samsvar med nr. 2 (og synsmåte 2) i avgjerda må medlemsstat B ta omsyn til desse tolv åra ved samanlegginga.

Døme på bruk av nr. 2 og 3 i avgjerda:

I medhald av lovgjevinga i medlemsstat A har ein medlem i trygdeordninga betalt inn avgifter i 30 år i samband med «den faktiske utøvinga av eit yrke». Etter lovgjevinga i medlemsstat A ligg det føre eit nasjonalt vilkår for at den personen som det gjeld, kan oppnå førtidspensjon dersom han eller ho kan dokumentere at det i minst 35 år er betalt inn avgifter i samband med «den faktiske utøvinga av eit yrke».

I medhald av lovgjevinga i medlemsstat B har medlemmen i trygdeordninga to år med studiar (meldt som «jamstelte studieperiodar») og tre år med avgiftsinnbetaling i samband med «den faktiske utøvinga av eit yrke».

I samsvar med nr. 2 i avgjerda må medlemsstat A ta omsyn til denne perioden på fem år ved samanlegginga (første steget).

I samsvar med nr. 3 i avgjerda må medlemsstat A då kontrollere om dei andre nasjonale vilkåra i medhald av lovgjevinga i staten er oppfylte (i dette tilfellet «den faktiske utøvinga av eit yrke»), og om desse vilkåra vert nytta på ein måte som ikkje inneber skilnadshandsaming (andre steget).

Ettersom det berre er tre år med avgiftsinnbetaling som er knytte til «den faktiske utøvinga av eit yrke» i medlemsstat B, er kravet om innbetaling i 35 år for «den faktiske utøvinga av eit yrke» ikkje oppfylt. Ut frå ein føresetnad om at det ikkje ligg føre (indirekte) skilnadshandsaming på grunnlag av nasjonalitet, kan det ikkje ytast førtidspensjon i medhald av lovgjevinga i medlemsstat A.
